



Hilde Lid
KEILEVEGEN 174A
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar: Ref.:K5CQ7H-
Skjemanr.:5367
Vår: 22/2920 - 22/29365

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
19.04.2022

Førebels svar på krav om endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 125/49 Kjeilen indre

Alver kommune viser til dykkar søknad om endring av bygningskode frå kode 112 (einebustad med hybel/sokkelleilighet) til kode 111 (einebustad) for bustad på gbnr 125/49. Du skriv at bygget tidlegare har hatt ein hybel i kjellaren, men at huset har vore ei brukseining i 18 år.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at det vart gitt løyve til oppføring av bustad med 2 separate brukseiningar på eigedomen i 1973. Bygget er derfor registrert i matrikkelen med kode 112 – einebustad med hybel/sokkelleilighet. Vedlagt følgjer godkjende teikningar av bustaden.

Godkjend teikning av underetasje frå 1973



For å få endra bygningskode må du søkja om samanføyning av brukseiningane. Dette er eit søknadspliktig tiltak som i utgangspunktet krev bruk av ansvarlege føretak. Dersom tiltaket

medfører byggearbeid av liten kompleksitet og omfang kan du be om unntak frå kravet om ansvar.

Vi har lagt ved søknadsskjema som du må fylla ut og senda tilbake til kommunen. Du må leggja ved søknaden opprinneleg godkjende teikningar og teikningar slik bygget framstår i dag med ei brukseining. Romfunksjon må førast på teikningane. Det er ikkje nødvendig å nabovarsla tiltaket.

Vi gjer merksam på at samanføringa er gebyrlagt med eit saksbehandlingsgebyr på kr 8 098,-.

Søknaden sender du til post@alver.kommune.no eller Alver kommune, Pb. 4, 5906 Frekhaug.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for søknad om tiltak med ansvar
Teikningar bustad - gbnr 125-49

Mottakarar:

Hilde Lid

KEILEVEGEN 174A

5953

FONNES